

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 40/2006

Møtedato: 6.9.06

Arkiv nr: 324.1

## Søknad om å få setja opp bom ved Bøastølvegen

Aslag Hamre og Ola Rudi skriv i brev datert 31.8.06 følgjande:

*Søknad om å setja opp betalings- bom ved Bøastølvegen.*

*Syner til at vil har drøfta trafikksituasjonen på Bøastølvegen med fjelloppsynet ved fleire høve.*

*Etter å ha nytta fleire ulike vegleier vart Bøastølvegen bygd med "handmakt på gamlemåten" i tredve åra ein gong. Det var tre partar om dette arbeidet, eigar av øvre og nedre Bøastølen og eigar av Tjednstølen. Vegen er bygd med svært enkel standard, utan berelag og med breidde berre for eit kjøretøy (møtande kjøretøy må rygge). Samla veglengde er om lag 1100 meter, medan det er om lag 500 meter fram til Tjednstølen. Ut frå vegstandarden er det svært avgrensa kor mykje trafikk vegen tålar og vi har frå 1974 søkt å avgrense trafikken mest mogleg ved å skilte vegen med "privat veg". Dette har fungert tilfredsstillande, men vi ser no at trafikken aukar vesentleg ved at enkelte hytteeigarar legg seg til eit kjørebehov slik at dei kjører systematisk gjennom heile sumaren.*

*Det er svært få som har eit reelt kjørebehov langs denne vegen, og vi har i sumar drøfta ulike løysingar for å avgrense kjøretrafikken på ein betre måte. Dei aller fleste kan gå desse 1100 meterane og svært mange nyttar og vegen til turveg, noko vi alle trivs med.*

*Ut frå drøftingane med fjelloppsynet ynskjer vi å søkje Fjellstyret om å kunne setja opp ein enkel betalingsbom, for å sjå om dette kan vera med å avgrense den unødvendige kjøringa. Vi ser for oss at bom avgift må vera av symbolsk karakter, men likevel dekke kostnader med oppretting og tilsyn med ein bom. Vi vil foreslå at vi legg bom avgifta likt med hovudvegen, med kr. 50,- pr. tur. Dette blir neppe inntekter til å betale vedlikehald med, men vi er komfortable med å gjera vedlikehaldet for eiga rekning, så langt vi kan avgrense unødvendig trafikk. Med omsyn til vedlikehaldet er det elles slik at Øvre Bøastølen la ned stølsdrifta for om lag 40 år sidan, garden er elles seld og stølen har berre funksjon som hytte. Den siste generasjonen er det Nedre Bøastølen og Tjednstølen som har delt på ansvaret for vedlikehald av vegen.*

*Dei siste åra har vegen vore utsett for relativt hard bruk i frostperiodane vår og haust. Vegen er ikkje bygd for å tåle slik trafikk og vi ser på moglegheiter for å stenge vegen i desse periodane med nøkkelbom. Vi reknar elles med at dette er noko vi ikkje må søkje spesielt om.*

*Vi ser fram til å høyre frå Fjellstyret, og ser fram til å kunne prøve ut ei ordning med vegbom.*

Statskog og fjellstyret har vore samde om at alle vegar i allmenningen skal vera opne og ikkje kunne stengjast. Ein har heller ikkje tillete at vegar blir søkt hindra brukt ved oppsetting av skilt med tekst om forbod mot kjøring eller privat veg. Fjellstyret har ved starten av denne vegen skilta med blindveg.

Betalingsbom er likevel nødvendig for at brukarane skal vera med å dekke utgifter til vedlikehald av vegane. Vegloven § 56 har følgjande reglar om oppføring av bom og innkrevjing av avgift:

*Med samtykke frå kommunen kan det krevjast bompengar for ferdsel på privat veg. Kommunen skal òg fastsette storleiken på avgifta og kan sette vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane.*

*Kommunen kan òg fastsette at det kan krevjast tilleggsavgift av eigaren til køyretøyet ved unnlatt betaling av bompengar og fastsette storleiken på tilleggsavgifta.*

Oppføring av bom må også ha Statskog si godkjenning og Statskog kan stille vilkår. Fjellstyret gir uttale til søknaden før Statskog tek avgjer.

Søkarane opplyser at dei meiner inntektene skal dekke kostnader med oppretting og tilsyn med ein bom, men ikkje at bommen skal gi inntekter som kan brukast til vedlikehald. Etter fjellstyret sitt syn er det lite aktuelt å setja opp ein bom dersom det er så lite trafikk at inntektene berre går til anlegg og drift av bommen.

### Vedtak:

Søkarane skriv at målsettinga er å redusere trafikken og ikkje for å få inntekter til vedlikehald av vegen. Fjellstyret finn derfor ikkje å tilrå at det blir godkjent oppføring av bom ved Bøastølvegen. Vidare tilrår fjellstyret at skilt om privat veg blir pålagt fjerna.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Søkjarane  
Vestre Slidre kommune